



Statens Vegvesen Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1754 - 21/32118

Saksbehandlar:
Lennart Falkenberg-Arell
lennart.falkenberg-
arell@alver.kommune.no

Dato:
10.05.2021

Framlegg til løysing av motsegn - Detaljreguleringsplan for Stølsmarka. PlanID 1263201607

På vegne av tiltakshavar Nordhordland Bibelsenter har plankonsulent Ard Arealplan AS utarbeidd vedlagt skriv som omfatta moglege løysingar knytt til planforslaget motsegn.

Alver kommune ynskjer at Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune og eventuelt Statens vegvesen vurderer om løysningane kan leggast til grunn for endring av planforslaget slik at motsegna kan trekkast.

Frist for uttale er sett til 18.6.2021.

Alver kommune stiller gjerne i møte viss det er noko i høve til skrivet eller saken for øvrige som må avklarast nærare.

I korte trekk legg ein opp til følgjande løysingar:

Uteopphaldsareal i sør:

Skal utarbeide egne føresegner for kva kvalitetar område skal ha, samd rekkefølgekrav for når område skal vera ferdigstilt. Føresegner og rekkefølgekrav kan til dømes knytast opp mot utomhusplan. I tillegg kan det utarbeidast illustrasjonsplan for tiltaka. For nærare informasjon om kva som er tenkt for område, sjå side 2 og 9-11. Barnehagen og skulen sin godkjenning for bruk kjem fram av side 12-16.

Støy og bruk av støyskjerm:

Sweco har utarbeidd ei analyse som tek for ulike scenario både ved og utan bruk av støyskjerm, samd kva konsekvensar dette medføra. Sjå side 2-3 og 19-25. Analysen viser minimal auke i dB og det er vurdert at etablering av ei støyskjerm ikkje er naudsynt.

«Unngår man støyskjerming vil man også unngå eventuelle problemer ift. plassering av støyskjerm innenfor byggegrensene til fylkesvegen som kan komme i konflikt med mulig

etablering av framtidig gang- og sykkelveg. Man vil også unngå problemer ift. etablering av støyskjerm på grunn eiet av fylkeskommunen og de utfordringer og problemstillinger dette måtte medføre.» Henta frå vedlagt skriv side 3.

Byggegrense mot fylkesveg 565 og behov for utviding av planområde:

Byggegrense mot fylkesveg 565 vert sett til 30 meter frå vegmidte. For meir informasjon sjå side 3.

På bakgrunn av dei konklusjonar som kjem fram av COWI si trafikkanalyse datert 14.2.2020, ynskjer forslagsstillar i utgangspunktet ikkje å utvide planområde og ber om at det vert gjort ei ny vurdering frå offentlege mynde kring dette. Sjø side 4 og 29-47.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Lennart Falkenberg-Arell
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Løsningsforslag til innsigelsar_Stølsmarka

Mottakarar:

Statens Vegvesen Region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Statsforvaltaren i Vestland	Kaigaten 9	5020	BERGEN
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN